



# Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde

Handsama:


2  
0  
1  
5

Openheit

Rettferd

§ Habilitet

§ Teieplikt



Vedteke i kommunestyret  
5. mars 2015, sak 5/15

## Innhold

Innleiing .....	2
Omdøme .....	2
Lojalitet .....	2
Integritet, interessekonfliktar, habilitet .....	3
Teieplikt .....	3
Open forvaltning .....	3
Varsling .....	3
Forvaltning av kommunen sine ressursar .....	4
Innkjøp .....	4
Bruk av utstyr .....	4
Gåver .....	4
Kurs, føredrag eller anna løna oppdrag. ....	4
Andre relevante reglement og retningslinjer:.....	5

## Innleiing

Føremålet med Luster kommune sine etiske retningslinjer er å sikre ein god etisk praksis og definere felles standardar for folkevalde og tilsette i Luster kommune og kommunale føretak.

### Etikk og moral

Me vel å sei at der moral er vår individuelle oppfatning av kva som er rett og gale, er etikk den systematiske analysen av desse oppfatningane. Etikk er læra om moralen.

Når kommunen utarbeidar felles etiske retningslinjer, skal dei hjelpe oss med å bli tryggare i våre val. Retningslinene er verktøy for oss når me lurar på kva me bør gjere, dei skal hjelpe oss å reflektere over våre handlingar og avgjerder.

Dei etiske retningslinene legg vekt på at folkevalde og tilsette i si personlege framferd skal utføre arbeidet sitt på ein etisk forsvarleg måte, skal vise rettferd, vere lojale, opne, ærlege og pålitelege.

Folkevalde og tilsette som utøver mynde, er tenestytar og forvaltar av store samfunnsressursar, skal ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, arbeide for likebehandling og opptre med respekt for andre menneskje.

- Du skal møte andre slik du sjølv ynskjer å bli møtt.

Leiarar på alle nivå har eit spesielt ansvar for at det er gode haldningar på den enkelte arbeidsplass og følgje opp at tilsette er kjende med, og lever etter kommunen sine etiske retningslinjer.

Den enkelte tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å sette seg inn i og følgje opp gjeldande etiske retningslinjer.

## Omdøme

Den enkelte tilsette og folkevalde skal gjennom jobben sin vise ei etisk forsvarleg framferd, slik at det ikkje skadar kommunen sitt omdøme. Som tilsett og folkevald må ein vere merksam på at ein, også i private samanhengar, kan bli oppfatta som Luster kommune sin representant.

Ved bruk av sosiale medium skal tilsette og folkevald vise respekt for sine kollegar, brukarar og arbeidsgjevar både i form og innhald.

Tilsette og folkevalde skal så langt det er mogleg sørgje for at varer og tenester som kommunen brukar er produsert på ein etisk forsvarleg måte.

Luster kommune er godkjent som Fairtradekommune, ei merkeordning for rettferdig handel. Me arbeider for sjølv å handle varer som er produsert i verksemdar med gode arbeidsvilkår for sine tilsette. Som Fairtradekommune arbeider me også for å auke kunnskapen om, og auke forbruket av Fairtrademerka produkt.

## Lojalitet

Alle pliktar å arbeide aktivt for å nå kommunen sine vedtekne mål. Det betyr at alle må vere lojale til politiske og administrative vedtak, og halde lover, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen si verksemd.

Lojalitetsplikt medfører ikkje plikt til å følgje pålegg om å gjere noko ulovleg eller uetisk.

Det er positivt at kommunalt tilsette engasjerer seg i ein open, fri og allsidig dialog om samfunnsspørsmål. Samstundes har Luster kommune ein forventning til sine tilsette og folkevalde om at dette føregår på ein verdig og konstruktiv måte, og at den enkelte reflekterer over dilemma

som kan oppstå i forhold til lojalitetsplikta. Spesielt gjeld dette leiarar der kommunen forventar særleg varsemd knytta til lojalitetsplikta.

## **Integritet, interessekonfliktar, habilitet**

Tilsette og folkevalde skal søkje å unngå å kome i situasjonar som føre til konflikt mellom kommunale interesser og personlege interesser, konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt.

Alle skal gjere seg kjende med reglar i forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 omkring habilitet. Dersom personlege interesser kan påverke avgjerd i ei sak ein har fagleg ansvar for eller deltek i handsaminga av, skal dette takast opp med næraste overordna leiar eller møteleiar.

Døme på interessekonflikt kan vere:

- Forretningsmessige forhold
- Løna bistillingar eller verv
- Engasjement i interesseorganisasjonar
- Personlege økonomiske interesser
- Kjøp av private tenester frå kommunen sine leverandørar
- Familiære eller andre nære sosiale relasjonar
- Eigen arbeidsplass står på dagsorden

For å sikre at det er open informasjon kring tilsette og folkevalde sin habilitet, oppfordrar Luster kommune folkevalde og tilsette leiarar til å registrere styreverv og økonomiske interesser i [www.styrevervregisteret.no](http://www.styrevervregisteret.no)

## **Teieplikt**

Folkevalde og tilsette skal kjenne reglane om teieplikt i forvaltningslova og særlover og etterleve dette. Dei skriv også under på erklæring om teieplikta.

Dokument som er unnateke innsyn, eller inneheld opplysningar som er underlagt teieplikt, skal handsamast og oppbevarast på ein trygg måte. Uvedkomande skal ikkje ha tilgjenge til desse dokumenta. Dette gjeld òg den partimessige handsaminga av slike saker.

Utsending av slike saker skal skje i særskilte sendingar, ev. bli utdelt i møtet.

Ved møteslutt skal dokument merka unnateke offentlegheit, leverast til administrasjonen for makulering.

Kommunen har eige reglement om folkevalde sin rett til innsyn.

## **Open forvaltning**

Ein føresetnad for eit velfungerande demokrati er at me har ein open diskusjon og legg til rette for offentlig informasjon. Tilsette og folkevalde skal legge vekt på meiroffentlegheit så langt det er rimeleg og lovverket tillet det.

## **Varsling**

Det er ein samanheng mellom krav til open forvaltning, lojalitet og plikt til å rapportere om uheldige forhold i verksemda.

I samsvar med Arbeidsmiljølova har alle tilsette i kommunen rett og plikt til å varsle om kritikkverdige tilhøve, samstundes som regelverket gjev arbeidstakaren vern.

Det er arbeidsgjevar sitt ansvar å skape ein god yringskultur og legge til rette for intern varsling. Luster kommune har egne retningsliner for varsling som alle tilsette skal kjenne til.

## **Forvaltning av kommunen sine ressursar**

Tilsette og folkevalde skal ha eit bevisst forhold til at dei forvaltar samfunnet sine fellesmidlar på vegne av alle innbyggjarane i kommunen. Tilsette pliktar å bruke og ta vare på kommunen sine ressursar og eigedom på ein økonomisk og rasjonell måte, og ikkje misbruke eller sløse med kommunen sine midlar. Tilsette og folkevalde skal ikkje tileigne seg personlege fordelar av kommunen sine ressursar.

Tilsette og folkevalde skal jobbe for å ivareta natur og miljø og forholde seg til målsetjingar i kommunen sine overordna planar.

## **Innkjøp**

Innkjøp skal gjerast i tråd med kommunen sine innkjøpsavtalar, økonomireglement og lov om offentlege anskaffingar.

Kommunal verksemd har miljømessige konsekvensar. Folkevalde og tilsette har ansvar for å vurdere og ta miljømessige omsyn ved innkjøp og drift.

## **Bruk av utstyr**

Alt kommunalt utstyr skal som hovudregel berre brukast til kommunalt føremål.

Einingsleiar tek avgjerd på om utstyr kan lånast ut til privat bruk til kommunalt tilsette. Slik bruk må ikkje vere til ulempe for arbeidsgjevar. Brukaren står ansvarleg for utgifter og ev. skader som følgje av utlånet.

## **Gåver**

Tilsette og folkevalde må ikkje ta imot gåver eller personlege fordelar som kan påverke, eller vere egna til å påverke handlingar, saksførebuing og vedtak.

Det gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, som konfekt, blommar og liknande.

Ved tilbod om gåver som går ut over desse retningslinene, skal næraste overordna kontaktast.

Mottekne gåver av ein slik art skal returnerast avsendar saman med eit brev som forklarar kommunen sine retningsliner.

Moderate former for gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeid og informasjonsutveksling. Graden av slik merksemd må likevel ikkje utviklast slik at den får påverknad på endelege avgjerder eller at det kan bli oppfatta slik.

Reiseutgifter knytt til faglege invitasjonar til utstillingar, kurs og liknande. skal dekkast av kommunen. Unntak frå dette prinsippet kan berre skje etter særskilt samtykke frå næraste overordna. For folkevalde vert det kravd samtykke frå ordførar.

## **Kurs, føredrag eller anna løna oppdrag.**

Tilsette som får førespurnad om, eller på eige initiativ ynskjer å halde føredrag knytt til eige arbeidsfelt skal avklare dette med næraste overordna. Dersom førebuing og gjennomføring er lagt til

normal arbeidstid, er det som hovudregel Luster kommune som skal fakturere honorar for føredrag. Den tilsette skal ikkje ta imot dobbel løn.

Tilsette kan ikkje utan at det er avklara med næraste overordna ta på seg verv, anna løna arbeid eller drive sjølvstendig verksemd i eit slikt omfang at det kan få negativ innverknad på vedkomande sitt arbeid i kommunen.

### **Andre relevante reglement og retningsliner:**

- Reglement for kommunestyret
- Reglement for formannskapet og andre utval
- Folkevalde sin rett til innsyn
- Arbeidsreglement for tilsette
- Retningsliner for varsling